

Saksprotokoll i hovudutval for næring - 25.05.2021

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Kulepunkt i forleninga av administrasjonen sin innstilling; - Ramma til næring bør aukast for å ta høgde for eigenandel i Vestland fylkeskommune si Marin satsing. - Løyving til Akvariet i Bergen på kr 2 mill til formidlingsprosjekt knytt til One Ocean-prosjektet bør innarbeidast i budsjettet for 2022.»

Sigrid Brattabø Handegard (Sp) sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf fram slikt forslag:

«Hovedutval for næring har følgjande innspel : 1. Det er viktig at ramma til innovasjon og næring er på eit nivå som imøtekjem ambisjon og tiltak i Plan for næring og innovasjon i Vestland 2. Utvalet vil særleg peike på marint program, støtte til breibandsutbygging, kommunale næring og utviklingsfond og elektrifisering av fiskerihavner. 3. Utvalet imøteser ei drøfting om bruk av prosjekt/utlysingsmidlar opp mot meir midlar til «modne» og faste tiltak. 4. Utvalet merkar seg at bruk av Havbruksfondet skal vera næringsretta.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Søviknes sitt forslag fekk 6 røyster (UA, Frp, H) og fall.

Handegard sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (UA, Frp).

Uttale

Hovudutvalet viser til vedlagt arbeidsdokument nr. 2/21 som kjem til handsaming i finansutvalet sitt møte 1. juni.

Hovudutvalet har følgjande innspel til arbeidsdokumentet nr. 2/21:

1. Det er viktig at ramma til innovasjon og næring er på eit nivå som imøtekjem ambisjon og tiltak i Plan for næring og innovasjon i Vestland
2. Utvalet vil særleg peike på marint program, støtte til breibandsutbygging, kommunale næring og utviklingsfond og elektrifisering av fiskerihavner.
3. Utvalet imøteser ei drøfting om bruk av prosjekt/utlysingsmidlar opp mot meir midlar til «modne» og faste tiltak.
4. Utvalet merkar seg at bruk av Havbruksfondet skal vera næringsretta.